



Marith Zahl Jensen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4419 - 14/18034

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

19.11.2014

Svar på førespurnad om søknadsplikt ved planlagd fasadeendring - gbnr. 24/105 i Meland kommune

Det vert vist til vårt møte av d.d. i samband med Dykkjar planlagde byggjetiltak i Torvvegen 25A. Møtet vert i hovudsak referert som følgjer:

Fasadeendring er i utgangspunktet eit søknadspliktig byggjetiltak etter Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav c, men i pbl. § 20-3 bokstav e er det likevel gjort unntak frå søknadsplikten for m.a. «*fasadeendring som ikke fører til at bygningens karakter endres*»

På bakgrunn av mottekne teikningar og opplysningar under dagens møte legg kommuneadministrasjonen til grunn at det planlagde tiltaket – eit mindre takoverbygg til inngangspartiet til Torvvegen 25A – vil vere omfatta av unntaksføresegna i pbl. § 20-3 bokstav e, slik at tiltaket ikkje er avhengig av søknad og kommunal godkjenning.

Administrasjonen si vurdering byggjer på den føresetnad at tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til eksisterande byggverk med tanke på materialbruk, fargeval og utforming og storleik, i samsvar med kva som vart opplyst under dagens møte.

Dette til orientering.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

